



Gunnar Larsen
Rylandshøgda 3
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1213 - 18/16654

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
16.10.2018

Løyve til oppføring av mur innanfor byggegrense langs KV1013 Rylandshøgda

Administrativt vedtak. Saknr: 276/2018

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 23.07.2018 om dispensasjon frå byggegrense langs veg og plassering av byggverk nær kommunalt VA-anlegg. Søknaden gjeld oppføring av forstøtningmur, med ein avstand til midt veg på ca. 4,1 m og avstand på 1 meter frå grense til KV 1013 Rylandshøgda.

Vurdering - forhold langs veg

Etter veglova § 29 er byggegrense frå kommunal veg 15 m. Kommunen kan etter veglova § 30 gje løyve til plassering av byggverk innanfor byggegrensa. Støttemuren skal plasserast langs kommunal veg på ei rett strekning. Muren vil ikkje hindre sikt langs vegen. Muren skal også plasserast utanfor frisisiklinje til privat avkjørsel. Kommunen vurderar at muren vil ha negativ påverknad på trafikktryggleiken eller vere til hinder for drift og vedlikehald langs vegen.

Vurdering - forhold til kommunal hovudleidning for vass og avlaup

Etter Meland kommune si VA-norm skal byggverk plasserast minst 4 meter frå kommunal hovudleidning. Byggverk kan plasserast nærare dersom kommunen godkjenner det. Søkjar påpeiker at det kommunale kartet som ligg ved søknaden ikkje viser nøyaktig trasè for VA-leidningen. Kommunen har vurdert kumplassing i området, og ser at det er sannsynleg at VA-leidningen vil ligge noko lenger unna muren enn det kartet viser, men muren vil ligge innanfor minstegrensa på 4 m.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ved eit eventuelt brot på leidningen er det viktig at muren har eit solid fundament for å tåle ei mogleg undergraving. Etersom muren ligg nær leidninga vil kommunen sette følgjande krav til utforming av muren: Muren må ha tilstrekkeleg fundamentering som til dømes armert betongfundament. Muren bør også helle noko innover for å ta opp krafta frå bakfyllinga og hindre utrasing.

Vedtak

«Med heimel i veglova § 30 og § 34 gjev Meland kommune løyve til oppføring av mur på GBNR 43/115 langs KV1013 Rylandshøgda. Med heimel i Meland kommune sin VA-norm pkt 4.4 godkjenner vi også at muren vert plassert innanfor 4 m frå kommunal hovudleidning for vatn og avlaup.

Vilkår for løyvet

- Muren skal plasserast i tråd med teikningar i søknad mottatt 24.07.18.
- Arbeidet må vere påbegynt innan 3 år frå løyve er gjeve, elles vil løyve falle bort.»

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl.). Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar klagar ønskjer. Klagen bør grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Gunnar Larsen

Rylandshøgda 3 5917

ROSSLAND